

Region Nordhordland Helsehus IKS - Styret si årsmelding 2017

Type verksemd og lokalisering

Region Nordhordland Helsehus IKS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Selskapet har kontor i Knarvik. Selskapet skal planlegga, byggja og drifta eit Region- og helsehus til offentleg tenesteyting, fortrinnsvis helse - og omsorgstenester for kommunane i Region Nordhordland.

Rekneskapsmessig resultat

Driftsrekneskapan viser eit meirforbruk på kr 115.416,-. Dette er administrasjons- og møtekostnadar. Meirforbruket vil bli dekkja inn av leigeinntektene når huset er realisert. Investeringane i 2017 er kr 8.398.992,-. Dette er kostnader med forprosjekt og tilbodsmateriell. Totalt er det no investert kr 39.020.135,- i prosjektet. Styret meiner at årsrekneskapan gir eit rettvisande bilete av selskapet sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Aktivitet

Forprosjektet vart levert 31. mars 2017. Leigeavtalane er underskrivne av Helse Bergen, Hordaland fylkeskommune og Lindås kommune. Arbeidet med ulike problemstillingar i grensesnittet mellom bygget og allmenningen og kommunal infrastruktur som påverkar byggeprosjektet har vore krevjande og framdrift er tilpassa kommunen sine prosjekt. Flytting av Telenoranlegget (mast og basestasjon) på eigedomen, er i ferd med å finna si endelege løysing. Konkurransgrunnlaget for totalentreprisen vart kunngjort på Doffin 15. november 2017. 10 tilbydarar leverte søknad om å verta prekvalifisert innan fristen 15. desember, og etter evaluering vart dei fem best kvalifiserte med vidare. Frist for å levera inn tilbod på totalentreprisen er 15. april 2018.

Likestilling/HMS

Selskapet har ingen fast tilsette pr. 31. desember 2017. Styret består av to kvinner og tre menn. Det er ikkje sett i verk særskilte likestillingstiltak.

Påverknad av det ytre miljø

Selskapet har ikkje vore til last for det ytre miljø. Aktuelle problemstillingar vert fylgd opp i prosjektet.

Grunnlag for fortsatt drift

Etter styret si vurdering er det grunnlag for fortsatt drift av verksemda.


Knarvik, 22. mars 2018




Håkon Matre
Styreleiar




Torbjørn Nævdal
Styremedlem / nestleiar



Rita Tveiten
Styremedlem



Solfrid Olsen Farestveit
Styremedlem



Steinar Hunskaar
Styremedlem



Rune Heradstveit
Dagleg leiar